

ymse frøblandingar til eng og har lagt ut ei rad forsøk i dette spørsmål. Av serleg interesse i desse strok er spørsmålet om frøblanding til varig eng avdi så mange gardbrukarar ikkje har høve til å driva vanleg skiftebruk då gardane er for brattlendte og vinterveret altfor ofte er regnfullt så ein stor del jord kvart år fløymer av åkrane.

Det er også forsøkt med ymse dyrkingsmåtar til beite, og ein har like eins forsøkt med ymse utstrøingstider for kunstgjødsele til beiter. Omfram desse forsøka som ovafor er nemnde, har ein også drive med granskingar over utvasking av kalium i regnrikt verlag, og over avvasking av kalium og fosfor frå open åker. Like eins har ein drive med granskingar over jorderosjon frå open åker, og så vidt eg veit har det ikkje tidlegare vore drive granskingar i desse spørsmål i regnrikt verlag her i landet.

I åra 1951—53 har ein vore så sterkt oppteken med bygging på Fureneset at største delen av forsøksmaterialet har vore lagt i «haug» av di det ikkje har vore tid til skriving. Dette kan likevel retta seg med kvart. — I alle høve, forsøks garden Fureneset er der no, og den er så å seia fullt utbygd, og ein må kunne vona at den i framtida vil makta å klårleggja dei mange og vanskelege spørsmål som jordbruket i vestlandsbygdene strir med.

NY ORDLISTE OVER MYRTERMINOLOGI.

I Finland er det nylig utarbeidet en fortegnelse over de viktigste termer vedkommende myr og torv, særlig med tanke på jordbrukets behov. Skogbrukets myrterminologi, som varierer en del fra den som jordbruket benytter, er derimot ikke tatt med.

Da det viste seg å være stor interesse for en slik ordliste også utenom Finland, har *S u o s e u r a r. y.* nå utgitt ordlisten ikke bare med finske, men også med svenske, tyske og engelske tekster. Ordlistens redaktør er frk. *Liisa Mali*. Som sakkynndige fra Finland har fungert professorene *Risto Tuomikoski*, *Erkki Kivinen* og *M. J. Kotilainen*. Den svenske teksten har statsagronom *Karl Lundblad* ansvaret for, fra Tyskland har professor *Franz Firbas* vært sakkynndig medarbeider og for den engelske tekst svarer dr. *G. K. Fraser* (Skottland) og dr. *Guy D. Smith* (U.S.A.). Disse navnene er en garanti for at ordlisten holder internasjonalt mål for de språk som er tatt med i listen.

Ordlisten, som omfatter vel 250 ord, kan bestilles fra *A k a - t e e m i n e n K i r j a k a u p p a* (Akademisk Bokhandel), Helsinki.
